

PRØVEFISKERESULTAT – ØVRE LAKADALSTJØRN, 26.07.2003

Omtale av tjørnet:

- Tjørnet ligg inst i Auste Lakadalen på grensa til Ullensvang st.allm.
- Tjørnet drenerar via Nedre Lakadalstjørn til Lakakisen.
- Tjørnet ligg 1284 moh og er på 13,8 ha.
- Tjørnet har gode gyte- og oppvekstforhold.

Omtale av fisket og fangsten:

- Tjørnet vart prøvefiska ei natt med 1 stk W. Jensen-prøvegarnserie.
- Tjørnet vart sist prøvefiska i 1994, tal i parentes er tal frå dette fisket.
- Samla fangst var 41 aure med ein snittvekt på 88 g (170 g). Største fisk var 146 g (310 g).
- Gjennomsnittleg kondisjonsfaktor var på 0,83 (0,94).
- Med unnatak av dei største fiskane, var alle kvite i kjøtet.
- Delen småfisk har auka samanlikna med prøvefiskeresultatet i 1994, 95% av fangsten er mindre enn 25 cm.

Konklusjon/tiltak:

- Tjørnet er i dag lite nytta til vanleg garnfiske. Kvaliteten på auren er for dårlig.
- Tjørnet kan vera interessant å nytta som produsent av setjefisk til andre vatn i vassdraget. Bruk av villfisk som setjefisk har erfaringssvis vore effektivt og kan vera eit godt alternativ til kjøp av setjefisk. Utfordringa vert å finna effektive metodar til fangst av villfisken.
- Det er lite realistisk å rekna med at interessa for garnfiske i tjørnet vil ta seg opp utan at fiskekvalitet og storleik betrar seg mykje.